

# Møteprotokoll

**Utval:** **Følgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** Bestastovo på Reisæter, Reisæter, Ullensvang  
**Dato:** 08.06.2015  
**Tidspunkt:** 10:30 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerar
Solfrid Borge	Medlem	Ullensvang herad
Jon Larsgard	Medlem	Jondal kommune
Sigve Sørheim	Medlem	Etne kommune
Benthe Bondhus	Medlem	

## Følgjande medlemmar hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerar
Synnøve Solbakken	LEDER	Kvinnherad kommune
John Opdal	NESTL	Odda kommune

## Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerar
Kjell Yri	Synnøve Solbakken	Kvinnherad kommune

## Merknadar:

Jon Larsgard vart val til møteleiar  
Magnhild Berge deltok på møtet. Dette er Magnhild sitt siste møte som forvaltar.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Øistein Aasland	Fung. nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 13/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 14/15	Underskrift av protokoll frå førre møte		
ST 15/15	Saksframlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Ullensvang - Skilting langs Buføre- /Pilegrimsvegen		2015/7034
ST 16/15	Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark / Bondhusdalen landskapsvernområde. Søknad om å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp den 22. august 2015 - Ænes og Mauranger Bygdalag		2015/4099
ST 17/15	Saksframlegg - Hattebergsdalen landskapsvernområde. Ny søknad om hogst av gran i samband med turstiprosjekt ved Hattebergfossen - Baroniet Rosendal.		2014/14012
ST 18/15	Saksframlegg - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Søknad om heving av eksisterande sperredam og ombygging av steinfylling til ny sperredam ved Prestavatn i Hattebergsdalen		2015/2562
ST 19/15	Søknad om løyvet til sikringstiltak på stien ved Fonnabu og økonomisk støtte		2015/7806
RS 4/15	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Holmaskjer - 4 turar med snøscooter i samband med innvendig oppgradering av hytte		2015/4151
RS 5/15	Løyve -Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel - Flyging av saltsteiner og salt		2015/1909
RS 6/15	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Sauabrehytta - Helikoptertransport sesongen 2015		2015/6256
RS 7/15	Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bergstø - Skjeggsvatnet - Helikoptertransport sesongen 2015		2015/6485

### Andre saker:

- Oppfølging av klagesak. Styret har fått ei klagesak til ny vurdering frå Miljødirektoratet.(Sjå vedlagte brev). Styret må ta ei vurdering på om dei ynskjer synfaring i saka. Me tek ein diskusjon på dette i møtet.

Handsaming i møte: Styre meinte at dersom det var kome inn heilt nye opplysningar, som ikkje forelå ved opphavleg sakshandsaming, så må søkar få melding om å sende inn ny fullstendig søknad, og at styre tek opp saka til ny handsaming. Styre ønska ei synfaring i samband med handsaming av saka.

- Tilsetjing av ny nasjonalparkforvaltar. Stein Byrkjeland eller Kjell Kvingedal frå Fylkesmannen i Hordaland kjem og orienterar.

Handsaming i møte: Korkje Kjell Kvingedal eller Stein Byrkjeland hadde høve til å stille i møtet. Øistein Aasland fortalde kort om prosessen med å få ein ny forvaltar på plass. Kjell Kvingedal kjem til å halde styreleiaren oppdatert undervegs i prosessen.

- Kronerulling til landsbyen Khunde i Nepal. Khunde er den landsbyen som sherpaene som har arbeida på Buføre-/Pilegrimsvegen kjem i frå. Denne landsbyen vart sterkt råka av jordskjelva som ramma Nepal tidlegare i vinter. Buførevegens venner har starta ei kronerulling/innsamling til gjenoppbygging av Khunde. Nasjonalparkstyret ynskja å støtte denne innsamlinga ved å gje 10.000,- kr. frå styre sine driftsmidlar.
- Styret diskuterte om det var mogleg å markere Folgefonna nasjonalpark sitt 10 årsjubileum i Bondhusdalen under arrangementet Folgefonna Opp og Maurangerdagen, den 22. aug. 2015

## **ST 13/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Vedtak**

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent

## **ST 14/15 Underskrift av protokoll frå førre møte**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Vedtak**

Protokoll frå styremøte den 24.03.2015 vart signert.

## **ST 15/15 Saksframlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Ullensvang - Skilting langs Buføre- /Pilegrimsvegen**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Handsaming i møtet**

Vedtak i tråd med innstilling til forvaltaren

Samrøystes

#### **Vedtak**

Interessefellesskapet for Buføre-/Pilegrimsvegen får løyve til å skilte Buføre-/Pilegrimsvegen i Folgefonna nasjonalpark. Løyvet er gitt med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3.g. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Skiltprofilane skal følgje standarden i Merkehandboka frå Den Norske Turistforening (DNT)
- Skilt med pilegrimslogo skal kùn setjast opp der stien opp Reiserterlia startar og oppe på toppen i det du skal ned Reiserterlia frå Jondalsida.
- Skilt skal ikkje festast på eldre kulturminne, men bør festast på dei nye trappetrinna og nybygde vardar der dette er mogleg.
- Dersom det vert naudsynt å feste skiltpålane med boltar, skal dette skje i samråd med forvaltninga slik at ein kan koma fram til ei løysing som er best tilpassa naturmiljøet

## **ST 16/15 Saksframlegg - Folgefonna nasjonalpark / Bondhusdalen landskapsvernområde. Søknad om å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp den 22. august 2015 - Ænes og Mauranger Bygdalag**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Handsaming i møtet**

Søklar har ytra ynskje om å få eit fleirårig løyve til dette løpet. Nasjonalparkstyre still seg positive til dette, men meiner at slike fleirårige løyver skal følgje styreperioden. Det vil difor bli høve til å søkje om fleirårig løyve frå neste år.

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Samrøystes

## Vedtak

Ænes og Mauranger Bygdalag får løyve til å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Vedtaket er fatta med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde*, § 3 punkt 4.2 og *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*, § 3 punkt 5.2. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for laurdag 22.august 2015.
- Løyvet gjeld for organisert ferdsel til fots frå P-plassen, grusvegen inn Bondhusdalen, opp Gardshamarvegen og til Fonnabu. Deltakarane skal gå same vegen attende.
- Løyvet gjeld for inntil 500 deltakarar.
- Arrangøren må kontakte grunneigarane for eit samarbeid til gjennomføring av løpet. Døme på avklaringar er parkering av bilar, husdyr på beite og landbruksdrift.
- Arrangøren skal syte for handtering av avfall o.l. etter løpet.
- Nasjonalparkstyret skal ha rapport (tal deltakarar og erfaringar) frå arrangøren om gjennomføring av arrangementet. Tilbakemelding på e-post til; [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) Referanse: 2015/4099.

Ænes og Mauranger Bygdalag får løyve til å nytte ATV og/eller bil til transport av varer og naudsynt materiell i samband med motbakkeløpet Folgefonna Opp og Maurangerdagen. Vedtaket er fatta med heimel i naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Motorferdsla skal finne stad på vegen mellom parkeringsplassen og Sandarvollen i Bondhusdalen.
- Talet på turar skal avgrensast så mykje som råd, og gjeld berre for naudsynt transport av varer og utstyr i samband med arrangementa.

Motorisert ferdsel i samband med redningsverksemd der liv og helse står i fare er tillate med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.2.a, og er ikkje søknadspliktig.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innafor verneområdet ikkje set til side reglane i *Lov om motorferdsel* eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Løyvehavar står sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar i samband med arrangementet og motorferdsla.

## **ST 17/15 Saksframlegg - Hattebergsdalen landskapsvernområde. Ny søknad om hogst av gran i samband med turstiprosjekt ved Hattebergfossen - Baroniet Rosendal.**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Handsaming i møtet**

Saka var lagt fram utan tilråding frå forvaltar. Saka vart diskutert i møtet, og nasjonalparkstyret viste til sitt vedtak i sak ST 27/14 frå møte den 5. des. 2014. Dei peika og på at tiltaksmidlane for 2015 var fordelt i sak ST 5/15 i møte den 24. mars 2015. Dette prosjektet nådde ikkje opp i prioriteringane, og fekk ikkje tildelt tilskottsmidlar.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret opprettheld vedtaket frå sak ST 27/14 fatta i møte den 5. des. 2015. Styret er positivt til prosjektet «Turiststi Hattebergfossen», og til uttak av gran, men det må utarbeidast ein plan der omsyn til landskap, friluftsliv, natur- og kulturminnevern vert vektlagt før dei ville gje løyve til opparbeiding av driftsveggar og velteplass for uttak av gran, og løyve til opprusting av stien inne i Hattebergsdalen landskapsvernområde.

Tilskottsmidlane for 2015 er fordelt (jf. Sak ST 5/15)

Nasjonalparkstyret ynskjer å halde eit styremøte på Baroniet, der Baroniet Rosendal/Den Weis-Rosenkronske Stiftelsen kan leggje fram sine planer – og informere styret om desse.

## **ST 18/15 Saksframlegg - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Søknad om heving av eksisterande sperredam og ombygging av steinfylling til ny sperredam ved Prestavatn i Hattebergsdalen**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Handsaming i møtet**

Styret presiserte at Kvinnherad Energi ikkje treng motorferdsleløyve for transport på vegen inn til Hattebergsdalen kraftstasjon. Den delen av setninga om motorferdsle vert difor stroke i vedtaket.

Styret presiserte og at tiltaka på sperredammane må avklarast med kommunen i høve til Plan- og bygningslova, og at helikopterflyginga må avklarast etter motorferdslelova med kommunen.

Ut over dette så er vedtaket i tråd med innstillinga frå forvaltar.

## **Vedtak**

Kvinnherad Energi AS får løyve til å heva eksisterande sperredam på Prestavatn med 0,88 meter, samt å byggja om ei steinfylling til ein betongdam med høgd frå 0 til 1,3 meter.

Det vert gjeve løyve til naudsynt motorferdsle for transport av materiell og betong med helikopter frå kraftstasjonen og opp til dammane ved Prestavatn.

Løyve er gitt på vilkår:

- Eksisterande sperredam kan hevast med 0,88 m til kote 608,67 moh
- Eksisterande sperredam i murt stein kan erstattast med ein ny dam i betong, med høgde frå 0 til 1,3 m (topp kote 608,44 moh). Lengde om lag 9 m.
- Det skal nyttast betong med koksgrå fargetilsetning.
- Transport i samband med anleggsperioden skal minimaliserast mest mogleg.

## **ST 19/15 Søknad om løyve til utføra sikringstiltak på stien ved Fonnabu og økonomisk stønad til arbeidet. Søkar; Kvinnherad Turlag**

### **Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 08.06.2015**

#### **Handsaming i møtet**

Søknaden kom inn etter at sakspapira til møte var sendt ut. Saka vart difor lagt fram til orientering i møtet.

Nasjonalparkstyret var positivt til tiltaket og til å løyve 25.000,- kr. som økonomisk stønad til prosjektet. Pengane skal takast frå tiltaksmidlane øyremerka Friluftslivetsår 2015.

## **Vedtak**

Nasjonalparkstyre godkjenner dei omsøkte sikringstiltaka med å reinska vekk lausmassar og bolta fast ein kjetting langs stien ved Fonnabu – som omsøkt. Arbeidet skal utførast av Kvinnherad Turlag og/eller Folgefonna Breførrarlag.

Det vert utbetalt økonomisk stønad til prosjektet på 25.000,- kr. Pengane takast frå tiltaksmidlane øyremerka Friluftslivetsår 2015, og utbetalast til Kvinnherad Turlag.

**RS 4/15 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Holmaskjer - 4 turar med snøscooter i samband med innvendig oppgradering av hytte**

**RS 5/15 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Motorferdsel - Flyging av saltsteiner og salt**

**RS 6/15 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Sauabrehytta - Helikoptertransport sesongen 2015**

**RS 7/15 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bergstø - Skjeggesvatnet - Helikoptertransport sesongen 2015**